

Kvittering på innsendt høringssvar på Høring - NOU 2022: 10 Inntektssystemet for kommunene

Høringens saksnummer: 22/6260

Høring: Høring - NOU 2022: 10 Inntektssystemet for kommunene

Levert: 12/19/2022 08:16:04

Svarstype:

Jeg svarte som: Kommune

Avsender: Modalen kommune

Kontaktperson: Jo Tømmerbakke

Kontakt e-post: jo.tommerbakke@modalen.kommune.no

Kommunestyret i Modalen er kritisk til Inntektssystemutvalet sitt forslag og stiller seg bak samtlege punkt i Naturressurskommunane sin høyringsuttale.

Modalen kommune vil leggje ekstra vekt på desse punkta:

1. Utvalet grip inn i den kommunale retten til beskatning og fridomen til dette ved å utjamne mellom alle kommunar nokre, men ikkje alle kommunane sine eigedomsskatteinntekter. Forslaget rammar på den måten at eigedomsskatteinntekter kjem kommunar som ikkje har innført eigedomsskatt til gode. Dette meiner Modalen kommune er urimeleg.
2. Auka produksjon av fornybar kraft vil skje i distriktskommunar rundt i heile landet, i form av vass- og vindkraft, om kommunane sjølve er positive til det. Eventuell auke i produksjonen vil føre til enda fleire og til dels alvorlege arealinngrep i verdifull natur. Utvalet sitt forslag vil svekke lovbestemte ordningar, som i mange generasjonar har sikra distriktskommunar erstatning, for tap av eigne naturverdiar, og det vil seinke eller stoppe opp tiltak for å auke produksjon av fornybar energi.
3. Vasskraftkommunar i heile Noreg har gitt frå seg verdifulle naturressursar og har måtte tåle store irreversible naturinngrep i verdifull og urørt natur. Slik har vasskraftkommunane tilført storsamfunnet store verdiar i form av nok kraft og sikker forsyning. Kommunane dette gjeld har sagt ja til evigvarande inngrep mot eit lovbestemt vederlag, blant anna rett til konsesjonskraft. Modalen kommune vil understreke at konsesjonskraft er ein kompensasjon for avståing av naturressursar og ikkje ei skatteinntekt.
4. Utvalet behandlar vertskommuneinntekter og eigarinntekter ulikt. Modalen kommune meiner dette er urimeleg. Eigarinntekter skal ikkje utjammast fordi at desse inntektene kjem frå eigars val og disposisjonar, og inntektene varierer frå år til år. Modalen kommune meiner det same gjeld for kommunar som har valgt å seie ja til arealinngrep og nedbygging av natur, då det er vertskommunens val og konsesjonsinntektene varierer frå år til år.
5. Utvalet set til sides viktige prinsipp om lokale kraftinntekter og frivillig eigedomsskatt. Modalen kommune meiner dette skapar usikkerheit, det vert vanskelegare å trekke inntekter inn i økonomiplan og til slutt vil motstanden koma mot nye, grønne utbyggingar som er viktig med tanke på å nå klima- og miljømål.

6. Modalen kommune støttar synet om at naturressursinntektene ikkje kan sjåast på som ordinære skatteinntekter, eller være jamnstelte med desse i samanheng med ei inntektsutjamning.

7. Eigedomsskatten og inntektene frå denne har vore ein av føresetnadane for at kommunane har sagt ja til naturinngrep. Ei omfordeling av eigedomsskatteinntekter frå kraftanlegg, vindkraft og petroleumsanlegg er ei omfordeling av den viktigaste skatteinntekta for distriktskommunar. Når då eigedomsskatt for bustader, fritidseigedom og næringseigedom vert halden utanfor utvalet sitt forslag, støttar Modalen kommune synet om at dette er urimeleg.

8. Modalen kommune støttar synet og er sterkt imot forslaget om å omfordele 10% av kommunane sine eigedomsskatteinntekter frå kraftanlegg, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglar for petroleum. Me kan ikkje sjå kva som er grunnlag for utjamning av eigedomsskatteinntekter frå kraftnettet til alle kommunar i Noreg, då alle kommunar har eit kraftnett innanfor sine kommunegrensar.

Alle svar må gjennom en manuell godkjenning før de blir synlige på www.regjeringen.no.